

“ABC for Barne- og ungdomsleiarar”

- Praktisk hjelp til betre planlegging og gjennomføring

Innleiing

Alle som er, eller har vore, leiar i eit barne- eller ungdomslag veit at det ikkje finns enkle eller lettvinde løysingar for korleis ein skal gjennomføre opplegget på laget. Dette er viktig å understreke slik at dei som er leiarar ikkje føler at denne timen er enkle løysingar frå nokon som ikkje har konkret erfaring, men berre trur ein veit korleis det skal gjerast. Då fungerer timen mot si hensikt. For det finns nemleg ingen oppskrift på eit vellykka lagsopplegg. Vi kan gje kvarandre råd, men kvart lag og kvar leiargruppe må finne ut kva som fungerer på sin plass. Med dette i bakhovudet vil vi med stort frimod gje dei råda som kjem nedanfor til leiarane våre!

Når det i overskrifta står praktisk hjelp tenker mange på ei punktliste som inneheld blant anna korleis gjennomføre styremøtet, korleis og kvifor skrive saksliste osv. Punktlista for denne timen blir ganske annleis. Tanken bak er at det å drive lag er eit høgst Guddommeleg prosjekt! Vi arbeider for og med Gud, og det er difor mange viktigare punkt å gjere leiarane bevisst på. Det er lett å gjere lagsarbeidet veldig menneskeleg i ein slik time, med det fokuset at gjer ein berre det praktiske rett (økonomi, administrering osv), så fungerer det. I eit Guddommeleg arbeid må ein også setje fokus på den Gudlege dimensjonen, og det er det ein hovudsakleg vil gjere denne timen.

1) Fokus: Kvifor driv vi lagsarbeid?

Vi treng stadig vekk å minne kvarandre på kvifor vi driv laget vårt! Hovudmotivasjonen for å legge ein innsats ned i dette arbeidet er at barna og ungdomane som kjem skal få sjå Jesus, og få del i evig liv. Viss dette forsvinn ut av tanken vår, forsvinn også motivasjonen og energien vi har i arbeidet. Vi orkar ikkje legge så mykje energi ned i det, og føler det tungt kvar gong vi skal på lagskveld eller på styremøte.

Difor må alle, men styreleiar/hovudansvarleg spesielt, utfordrast til å starte KVART planleggingsmøte med å setje fokus! EINASTE grunnen til at ein er samla er at Jesus skal bli vist fram! Utan kan det gå år mellom kvar gong dette blir nemnd.

Det at Jesus skal bli vist fram må ligge til grunn for alt ein planlegg vidare i styremøtet. Dette gjer det også enklare å prioritere kva som er viktig og ikkje. Kva idear er gode, og kva idear tener hensikta lite? Vi må STADIG vekk minne kvarandre om fokuset, då har leiarane større motivasjon, og laget blir drevet meir slik Jesus vil!

1. Kor 15,58: “Difor, mine kjære brør, ver støe og urikkande; gjer alltid framsteg i arbeidet for Herren! For de veit at arbeidet dykkar i Herren ikkje er fåfengt.”

2) Åndskamp

Det må også bli bevisstheit rundt det at når vi arbeidar for Guds rike, så er det med ein gong ein som arbeidar mot oss. Så lenge vi som kristne er lunkne, og ikkje engasjerar oss for å spreie evangeliet vidare er me ikkje interessante for Djevelen. Han angrip berre med ein gong nokon beveger seg inn mot “Hans” menneske. Når vi

er bevisst Djevelen kan vi lettare avsløre han når han arbeidar mot oss. Han har enkle og gjenkjennelege arbeidsmetodar, så ved å peike på nokon av desse kan vi lettare avfeie han når han prøvar seg.

For eksempel vil ikkje djevelen at vi skal ha ein bra møtedel med Gud i fokus! Han ynskjer å demotivere oss, og flytte fokuset vårt over på oss sjølv og ulike aktivitetar vi kan bruke tida på. For det er greitt så lenge han klarar å krympe fokuset på Jesus! Dette er det viktig å vere bevisst når vi føler vi ikkje har tid eller energi til å planlegge møta på ein god måte. Når vi ikkje orkar å setje oss ned for å planleggje opninga, eller å finne songar i god tid slik at vi kan øve. Eller når vi ikkje har tid til å øve inn nye songar eller spørje nokon om å ha vitnesbyrd. Alt dette er Satan sine tankar som han prøver å fylle oss med! Når vi tenker at "det er ikkje så nøye", så er dette løgn! Satan spreier løgn, og er vi ikkje bevisst på dette er det lett å tru på det, eller ikkje tenke nøyare over det.

I Efesarane 6, 10-18 kan vi lese om den kampen vi kristne står i. Vi har ikkje ein kamp mot andre menneske (kjøtt og blod), men mot Satan (verdens herrar i dette mørket). Dette er ein realitet som vi kristne må minne kvarandre om. Ikkje berre la være å snakke om det, for då er det lettare at vi blir angripne.

3) Å søke først Guds rike – konkret

Frå leireksempelen i førre undervisningstime: Kva har er gjort? Her må ein understreke fyrst at i dette arbeidet er ein alltid på veg, det vert aldri perfekt, men det kan stadig bli betre.

Noko av det fyrste som vart gjort var å kommunisere viktigheita av møtedelen på styremøte og planleggingsmøte til alle leiarane som var involvert. Vidare snakka ein i lag om kva ein kunne gjere for å få det betre, og då vart det bestemt å setje ned ein eigen møtekomite som hadde hovudansvaret for møtedelen. Desse skulle arbeide vidare med for eksempel band, songval, møteleiarar, involvere deltakarar osv. Det viktigaste var at det vart satt eit krav om at mest mogleg skulle planleggast før leiren, slik at ein var godt førebudd når ein kom. Dette opplegget krev meir av dei som er med på det, men ein opplever at det verkeleg er verdt det!

Skal dette skje må møtet få hovudprioritet i planlegging, førebuing og gjennomføring:

a) Planlegging: Det er vanleg å kome saman ein eller fleire gongar i semesteret for å planlegge opplegget. Ein må vere bevisst korleis ein brukar tida på desse møta. Ut frå temaet er det viktig å ta seg tid til bøn. Tid til å søke Gud, slik som er undervist om i førre time. Her må ein bruke tid på å be, spørje Gud om råd, be for kvarandre osv. Mange avsluttar med ein gong det blir stilt, men den stille tida er flott, for den kan kvar enkelt bruke til å be for lagsarbeidet. Samtal så etter bønestunda om nokon fekk spesielle tankar, ord eller bilete dei vil dele med dei andre.

Vidare er det møteplanlegginga sin tur. For å vere sikker på at møta blir ordentleg planlagd, og det blir brukt nok tid til dette anbefalast det å STARTE planleggingsmøtet med dette punktet, etter bønna. Punkt å samtale om her er: Kva vil vi? Korleis organisere det? Kva kan vi gjere for å få den betre? Korleis løyse konkrete

utfordringar? Dersom me ikkje startar med denne delen blir den lett tatt mens me pakke saman!

b) Førebuing: Det å skrive ned planen for møtet i god tid på førehand gjer at ein må tenke meir nøye gjennom korleis ein vil at møtedelen skal vere. Skal det vere opning? Skal ein spørje nokon, finne eit bibelvers, eller kanskje ein filmsnutt? Eller er det enklast å la være? Hadde det vore kjekt med nokon nye songar? Alle desse spørsmåla stiller ein seg då så tidleg at det er mogleg å gjere noko med det. Planlegg ein rett før møtet eller undervegs kan det aldri bli like bra!

Det er lett å få mykje anna å gjere akkurat når ein har tenkt å setje seg ned å førebu seg. Gud vil vi skal førebu oss og gjere det best mogleg. Difor må me be han om styrke og hjelp til å ta den tida.

c) Gjennomføring: Det er viktig å vere stolt over det ein gjer. Dersom ein ikkje er det viser det tydeleg for alle andre, og det får ikkje same truverd. Difor må ein tørre å vere stolt over møtedelen skal borna og ungdomane forstå at dette er det viktigaste vi gjer! Vi må tørre å gjere det bra, heller enn å begrense det mest mogleg. Vis i ord og handling at det som skjer i møtedelen er viktig. Det kan skje for eksempel ved at det blir sagt, eller at ein understrekar at ein ynskjer at dei høyrer etter kva som blir sagt, sidan det er hovudsaken til at vi inviterar dei til oss. Vidare må ein tørre å legge ein innsats ned i det ved å synge meir enn ein song, og ved å ha meir enn 5 minutt andakt. Då forstår dei som høyrer på at dette er viktig, og dei tar det meir seriøst. Dei tar det forhåpentligvis til seg i hjarta

Tørr å vær stolt over møtedelen

- vis at dette er viktig for deg
- tørr å syng meir enn ein song
- tørr å engasjere deg for at det skal bli bra!

Då forstår dei som høyrer på at dette er viktig for deko; tar det meir seriøst!

4) Tenestebasert oppgåvefordeling

På kvart lag er det ei unik leiarsamansetning. Akkurat den gruppa har Gud satt saman til å fungere som leiargruppe for det konkrete laget. Det er ikkje tilfeldig, og Gud har ein tanke og ei hensikt bak kvar enkelt! I 1. kor 12, 18 står det: "Men no har Gud gjeve kvar einskild lem sin plass på lekamen, så som han ville det." Dette verset er nok hovudsakleg tenkt for kristne inn i ei forsamling, men ein kan også tenke det inn i leiaroppgåvene i laget. Det er viktig å bevisstgjere at leiarane er UTRUSTA til den leiaroppgåva dei har. Dei har fått Guddommelege evner til å bruke slik at Jesus kan bli vist fram! Det er ikkje som ei anna gruppe der ein fordelar oppgåver på best praktisk måte, men ei gruppe satt saman av Gud der han allereie har tenkt ut oppgåvene til den enkelte. Lagsleiarane utgjer ein kropp som kvar for seg er kroppsdelar som utgjer heile kroppen.

I boka "Trivsel og Tjeneste" beskriv Tonje Haugeto Stang den gode samanhengen mellom kroppen og laget:

Sunn kropp: "En sunt kropp er et kropp der hver enkelt kroppsdel er i funksjon og kan brukes til det den var skapt til."

Sunt lag: "Et sunt lag er et lag der hver enkelt leder er i funksjon og brukes til det den er skapt til."¹

Ut frå dette må leiarane utfordrast til å tenke gjennom kor sunt deira lag er. Dette kan gjerast ved spørsmåla:

- Blir alle brukt til det dei er skapt til?
- Blir DU brukt til det du er skapt til?

Et sitat henta frå same boka beskriv det treffande: "En del lag fungerer nok slik at en del kroppsdelar ikke utfører de oppgavene der er utrustet til. Stort sett blir jobben gjort allikevel – av andre, som får det til å gå "på sett og vis"

Det vert ubalanse i kroppen når kroppsdelane byter stilling, og laget fungerer dermed ikkje optimalt. Eit enkelt bilete er at dersom høgre armen vår ikkje vil fungere, kan ein likevel gjere mykje av arbeidet med den venstre. Dette fører til at den venstre armen blir svært trøyt, og ikkje minst har arbeidet mykje lågare kvalitet enn om høgre armen gjorde det sjølv. Prøv berre å skrive namnet med begge hendene!

Difor må lagsleiarane utfordrast til å diskutere dette saman:

- Har du noko du kunne tenkt deg men ikkje tør?
- Gjer du noko du føle du absolutt ikkje skal?
- Er det nokon som gjer alt og andre ingenting?

Vidare utfordring er at mange lever i den trua at dei ikkje har nokon spesielle gåver. Dei innser ikkje at dei er ein viktig kroppsdel, og at det går utover andre om dei ikkje finn ut av oppgåva si og byrjar å bruke den. Alle har ei gåve, ei utrustning, og det kan understrekast med sitat frå tidlegare brukte bok:

"Tjeneste i Guds rike gjelder alle barn. Det ligger faktisk implisitt i det å være et Guds barn at en fra skaperens og frelserens hånd har fått en utrustning som skal brukes til å tjene med, i den hensikt at Kristi legeme kan bygges." Alle har ei, og oftast fleire, Gudgitte gåver Gud vil du skal bruke på laget ditt. Utfordringa er om alle er bevisst sine gåver – og villeg til å bruke den. 1. Peter 4,10: "Ten kvarandre, kvar med den nådegåve han har fått"

Korleis kan ein finne si gåve?

Fyrst av alt trengst det undervisning om dei ulike nådegåvene. Dette skal ein gjere i 6. samling av leiarskulen. Utan at ein veit kva nådegåver som finns er det svært vanskeleg å finne si/sine egne. Dette poenget vert understreka i boka Nådegavenes 3 farger: "Du vil få vanskeligheter med å oppdage dine åndelige gaver, dersom du ikke vet hvilke gaver som faktisk finnes, og hva som er nøyaktig menes med de forskjellige benevnelsene."²

Andre punkt som er viktig er å vere open for Gud i bøn, og vere klar til å ta gåvene i bruk. Ein må også eksperimentere seg fram ved å prøve og feile, og gjere dette i fellesskap der ein er trygg. Dette vil ein gå nærare inn på i 6. samling. Det viktigaste under dette punktet er å utfordre leiarane på viktigheita av å fungere godt saman med ei god oppgåvefordeling, då etter kvar si nådegåveutrustning.

Utfordrande tanke

Gud kjem til å gi deg all den krafta du treng for å utføre den oppgåva han vil du skal gjere! Det som oftast manglar er at enkeltpersonar gjev Gud moglegheita til å gje dei krafta. Gjer du dette blir livet som kristen, og som leiar, mykje meir spanande og innhaldsrikt, og du får leve meir slik Gud har tenkt.

Dette temaet krev at ein samtalar konkret om det i laget. Tips til spørsmål dei kan stille er:

- * Kva oppgåver saknar du at nokon gjer?
- * Kva oppgåver føler du at andre kunne gjort for deg?
- * Kva oppgåver kunne du tenkt deg å gjere som du ikkje gjer?

5) BE

Ved å ha temaet "Søk fyrst Guds rike" i Nordhordland kom det ut frå samtalen mange vitnesbyrd om verknaden av bøn! Bøn vart eit undertema som gjekk igjen mykje, og som på ein måte er kjernen i overskrifta.

Eit lag hadde store problem då det var nokre barn som laga svært mykje uro. Det vart så alvorleg at leiarane ikkje visste om dei kunne halde ut med laget lengre. Heller enn å legge ned laget vart dei minna om å ringe ei i bygda dei visste at bedde. Ho lova å be kvar gong det var lagskveld, og så ofte ho hugsa både før og etterpå. Leiarane fekk oppleve ein MERKBAR forskjell!

Eit anna ungdomslag starta å ha bønemøte etter kvar lagskveld. Det var i ein periode ting var litt utfordrande og det kom få. Her også vart det ein merkbar forskjell, og leiarane fekk kjenne det overveldande med heilt konkrete bønnesvar!

Siste laget som skal nemnast hadde brukt god tid på styremøta på bønn. Dette var høgt på prioriteringslista, og gjekk før all praktisk planlegging. Her vart mange frelst gjennom ungdomsarbeidet dei dreiv!

Vi treng stadig vekk å minne kvarandre på kor kraftig bøn er, og oppmuntre kvarandre til å bruke meir tid på det. Det kan ofte verke som noko me berre gjer av plikt, og gjer det full fart før me set i gong planlegginga. Det er ikkje slik det er meint. Det er ein fantastisk moglegheit Gud har gjeve oss, som me må bruke mest mogleg! For arbeidar me utan å be til Gud, då får han ikkje sjansen til å sleppe til på same måte.

Eit ungdomslag bestemte seg for å møte 15 min før lagssamlinga for å be for kvelden. Det gjorde til at alle leiarane fekk ei ny innstilling til kvelden, og dei fekk oppleve at Gud verka blant dei! Ef 3,20: "Han som kan gjere mykje meir enn me ber om og forstår"

6) Organisering

Det kan også vere nødvendig å gje nokon heilt praktiske, menneskelege råd. Til ei slik samansatt gruppe vil det ein seier vere sjølvsgatt for nokon, og heilt nytt for

andre. Likevel må ein kunne tru at det er viktig å gje kvarandre råd, og om alle får minst eit råd dei kan ta med heim og bruke er det veldig bra!

a) **Saksliste.** For eit ryddig og sakleg styre- eller planleggingsmøte er det viktig å skrive ei saksliste som vert gitt ut på førehand eller når styremøtet byrjar. På denne måten kan alle ha oversikt over kva tema som skal bli tatt opp, og vente med andre sakar til eventuelt. Slik unngår ein også at viktige saker blir gløymt.

b) **Ansvarsfordeling.** For at ting skal fungere er det viktig at alle leiarane veit kva som er kven si oppgåve til ei kvar tid. Ei ryddig ansvarsfordeling med datoar og ansvarsområde, og ansvar fordelt slik som avtalt anbefalast på det sterkaste!

Ansvar kan ein dele på ulike måtar, anten til ulike leiarar kvar gong, eller at det er ulike grupper som har ansvar for ulike ansvarsområde. Grupper er mykje brukt i det siste, men avhengig av tal på leiarar. Dette må kvart lag finne ut kva som vil fungere for dei.

Eksempel på ulike ansvarsområde: Mat, spilling, møteplanlegging, skaffe andaktshaldarar, aktivitetar osv.

For å klare å fylgje opp unge leiarar på ein god måte er det ein god ting å fordele oppgåver slik at dei nye har ansvar saman med ein som er meir erfaren dei fyrste gongane.

Avslutning

Det er lett å tenke at har ein alt det organisatoriske på stell, så vil lagsarbeidet gå bra. Det administrative er utruleg viktig, og laget fungerer absolutt ikkje bra dersom dette ikkje er på plass! Då vil det opplevast kaotisk å vere med, både som leiar og medlem.

MEN: Gud er vår skaper og oppretthaldar. Det er Han me må søke for at møtedel og lagskveld skal bli bra. Går me i egen kraft blir det ingen ting av. Då vert det ein aktivitetsklubb heller enn ein klubb som gir Jesus til dei som går der!

¹ ”Trivsel og tjeneste – to sider av samme sak?”. Tonje Haugeto Stang, Prokla Media 2008

² ”Nådegavenes 3 farger – Et treenighetsperspektiv hvordan du kan oppdage og utvikle dine nådegaver”, Christian A. Swarz, K-vekst forlag, 2005